

# Spikers Kårner

Nr. 06 - 2011





## SPIKERS KÅRNER 05 - 2011

### **Redacteur:**

Kristina Molland Edvardsen

### **Bidragstere:**

Arve Grinden

Petter Tran

Ole Kristian Næss

Eirik Vee Natvik

Guro Varvin Hjelseng

Jonas Granås

Bjarne Fossum

Bjørn Kristian Bache

## INNHOOLD

Redacteuoren	3
Kanzlerklokk	4
Krosjefens hjørne	5
De nye i krogiengen	6
Eksamensbart-	
konkurransen	7
Vandrende bjelke	8
Hyttepraten	11
Kva gjer han no?	16
FK Steindølene	19
Quiz	24
Juleverksted	25
Sudoku konkurranse	26
Sladder	27

# Redacteuuren

## Tjohei.

No er årets siste Spikers Kårner ute. Alt i alt har vel denne perioden dreid seg om ein ting, UKA ja. Eg håpar alle har fått gått på ein konsert, to eller tjue, testa strip tease, speed date, sushikurs, eller det som ein byggstudent måtte passe. Men no er UKA over. Skulebøkene er vidopne og eksamenane lurar bak neste dør. Nok om det.

Hovedtemaet i denne utgava av Spikers Kårner er vår stolte hytte som stiger til værs på Selbu. Her kan du lese intervju med ein av dei som har vore med på å slege inn spikrar, samt eit intervju med ein handtverkar som kan fortelle litt om korleis framdrifta er.

Vandrende Bjelke har hatt mange fine turar i haust. Den eine gjekk til vakre Trollheimen, og ein artikkel og majestetiske bilder fra denne turen finn du på side 8. Dei nye krogjengmedlemmane, eit intervjua med ein utdanna siv. ing. fra bygg og FK Steindølene sin innsjutt er meir av det du kan vente deg i denne utgava.

Ei sladderspalte finnest òg, tradisjonen tru, dog ikkje på langt nær like utfyllande som den som pryda forrige utgave.

Kos deg med Spikes Kårner 06 og ha ein fin eksamensperiode.

## REDACTEUR

**Kristina Molland Edvardsen**



# Kanzlerklukk

**Hei igjen alle sammen.**

Da var det på tide med høstens siste klukk og siden sist har det skjedd så mangt. UKA har blitt gjennomført, berusende leskedrikk har blitt inntatt og stemningen har vært godt. Jeg håper dere har fått tatt del i alt dette og latt dere rive med av studentkulturen.

Nå går det mot semesterets slutt og det er igjen på tide å studere litt. Eksamen nærmer seg og skippertaket er nært forestående. Vi i H.M. Aarhønen har fortsatt litt godsaker på lur i form av et oppkvikkende juleverksted for å lette på nervene. Vi stiller selvfølgelig også med eksamensskjeggkonkurranse og oppfordrer alle mannlige menn til å la det gro, kvinner kan få lov til å slippe.

Lykke til med innspurten!



**KANZLER**  
**Arve Grinden**

# Krosjefens hjørne

På grunn av nedstengingen i høst og UKA-11, har det vært svært rolig på kjelleren siden fadderperioden. Denne tiden har vi utnyttet godt, og har begynt å forberede oss til neste år. 12.november arrangerte vi langåpent med temaet "RAVE", der det nye lysutstyret viste en helt ny side av Aarhønekroa. At byggstudenter kan feste har det aldri vært tvil om, dere skapte utrolig god stemning, atmosfære og naturligvis også høyt lydnivå. Dette medførte for første gang på lenge klager helt fra Voll (!) området som ligger på andre siden av broen. Disse "naboene" fikk nok litt etter kl 01.00, og kom med polititrusler. Det ble dermed en litt tidligere slutt på festen enn planlagt.

Utover nyttår har vi planlagt å arrangere klassikeren "Full før barne-tv" 14.januar. Og grunnet sterk økonomi for øyeblikket skal vi i tillegg gjennomføre "meksikansk aften" tentativt 3.februar, da vi har som mål få få regnskapsbalansen ned til null. Med andre ord; det blir en festlig start på neste semester med både Åre, revy og en aktiv kjeller i vente.

Ellers vil jeg ønske dere lykke til med skippertaket i eksamensperioden, og håper på å se mange av dere igjen til neste år. Dersom noen skulle være interessert i å ta over for meg etter neste års generalforsamling, er det bare ta kontakt, så er jeg mer enn behjelpelig med informasjon.

**KROSJEF**  
**Petter Tran**



# De nye i krogjengen



Jon Sakshaug



Per Olav Dahl Hegge



Kristin Mo Ravik



Sigrid Børve



Eirik Bergheim

Eksamenene nærmer seg,  
og H.M. Aarhønen inviterer da selvfølgelig til den jeve

# EKSAMENSBART- KONKURRANSE 2011<sup>©</sup>


Er du gutt eller jente. Blond eller rød. Stubbete eller fyldig. Dette er en konkurranse for alle barn med skjeggvekst. Det vil bli konkurrert i:

- o Beste bart
- o Beste helskjegg
- o Beste styling

Dato: 13. desember

Sted: Lerkendasbygget

Påmeldig vil skje på stedet og mer informasjon kommer når datoen nærmer seg. Her er det bare å spare!



fu manchu



imperial



walrus

# Vandrendebjelke på tur i Trollheimen

*Fredag ettermiddag forlot to biler parkeringsplassen bak Lerkendal i all stillhet. Bilene inneholdt en samlet last på ti dyrebare byggstudenter, alle på vei til Trollheimen med et håp om å bestige den mektige tinden Snota (1669 m.o.h).*

*Av: Bjørn Kristian Bache*




Første stopp var på Orkanger der de glade byggstudentene fikk oppleve “ballongdagene”, og boltret seg følgelig fritt blandt varer på 10-kroners tilbud. Etter omfattende innkjøp av snop, snacks og digg rullet bilene videre mot Surnadalen, og etter en halsbrekkende rallyetappe inn Vinddøldalen kom vi til veis ende. (Veien fortsatte riktignok videre, men en gretten bonde hadde satt opp bom for å ha veien for seg selv). De spreke byggstudentene var like glade til sinns selv om, og tok sekken på ryggen for å trave inn mot Øvre Kløftsetra der de skulle ha leir. Etter å ha speidet rundt i området fant de en egnet teltplass med mye omkringliggende tørr furu på rot. Her ble kvelden tilbragt med taco, svartkjel og bålkos før ti trøtte byggstudenter fant posen og ventet i spenning på den kommende dagens topptur.

Lørdag kom, og trøtte byggstudenter stakk sine morgentryner ut av teltene for å gløtte opp på den lettskyede himmelen. Solen kastet et rødlig skjær over himmelen og fuglekvisper ga gjenklang mellom trærne mens byggstudentene inntok sin frokost, omringet av Trollheimens majestetiske snødekte topper. Spente tok de motiverte byggstudentene atter sekken på ryggen og gjøv løs



på dagens første klatreetappe. 500 raske høydemeter ble tilbakelagt, og før de visste ordet av det vasset de rundt i 30cm snø. Vinteren kommer tidlig oppe i høyden, men slikt stopper ikke byggstudenter. Særlig ikke når solen bestemte seg for å bryte gjennom skydekket idet de kom opp på platået langs de speilblanke Skrøådalsvatna, der resten av Trollheimen lå og stekte i sola foran dem. Snøen var heller ikke noe hinder, ettersom de sprekeste av byggstudentene la seg i tet for å trække spor til resten. På rekke å rad trosset de 0,1m/s motvind og stekende sol på vei mot toppen, en bragd Amundsen verdig. Dette fryktelige været skulle vise seg å forfølge byggstudentene hele turen.



Framdriften gikk noe tregere enn planlagt, og tiden gikk mens sportråkerne kavet seg framover. For å spare tid tok de fjellvante byggstudentene en snarvei, og klatret med ben og armer opp den bratteste delen av fjellet for å spare tid.



Toppen ble desverre ikke nådd grunnet mangel på tid og dagslys, men klatringen opp var likevel verdt det takket være akingen ned igjen! Ti fornuftige byggstudenter vendte så nesene mot teltene igjen, der veden ventet i leiren like tørr som da de forlot den. Middag denne dagen bestod i diverse ingredienser kjøpt på 10-kroners marked som ble rørt sammen til en eksepsjonelt god gryte. Det gode resultatet skyldtes selvsagt kokkenes ekspertise innenfor turmat. Denne kvelden ble som den forrige tilbragt rundt bålet, og stemningen var

høy til tross for at toppen ikke ble nådd. Glade byggstudenter gikk til køys i de sene nattetimer, vel vitende om at søndagen er hellig og at man da kan sove så lenge man vil.

Søndagens forløp var for den som lurer akkurat som fredag, i motsatt rekkefølge, minus taco og 10-kroners marked. Alle var naturligvis enige om at det hadde vært en fin tur, noe annet ville vært for dumt. Takk for turen!



# HYTTEPRATEN

Hytteprosjektet gjør store framskritt. Vi har tatt en prat med noen av studentene som har vært med på hyttebyggingen i Selbu, en av dem er Bjørn Kristian Bache. Videre i “Hyttepraten” er det et intervju med en av de faglærte som har vært en viktig byggebrikke i dette prosjektet. Flere portrettintervjuer kan du lese på [aarthønen.no](http://aarthønen.no).

*Av: Guro Varvin Hjelseng og Kristina Molland Edvardsen*

## Fortell om deg selv

Jeg heter Bjørn Kristian Bache og går 3. klasse på konstruksjon. Jeg kommer fra Steinkjer i Nord-Trøndelag. På videregående gikk jeg allmennfag.

## Hva gjorde du på byggeplassen i Selbu og når var du der?

Jeg har vært i Selbu to ganger. Første gang var jeg med på å bære sand og materialer opp til tomte fra parkeringsplassen. I tillegg bandt vi armering og støpte pilarer når jeg var der. Andre gangen var jeg med på å legge bjelkelag på hems, sette opp knevegger, møneås og taksperrer. Vi satt også opp vindsperre på hele bygget, det var artig!



## Hva fikk du ut av arbeidet?

Jeg har bygd en del før, så jeg var ikke bort i veldig mye nytt mens jeg var i Selbu. Men å støpe pilarer har jeg aldri gjort før, så det var en ny og lærerik erfaring. Det var også lærerikt å være med å klemme vindsperre. Det er gøy å gjøre noe i praksis som vi hører så mye om på skolen. I tillegg er det morsomt å komme seg ut å bruke verktøy for å friske opp gamle snekkerkunnskaper.

### **Hva slags inntrykk sitter du igjen med av prosjektet?**

Jeg sitter igjen med et veldig godt inntrykk av prosjektet. Hyttekomiteen har gjort en god jobb. Arbeidsmiljøet på tomta var meget bra, folk er trivelige og innstilt på å jobbe lange dager. Det blir gjort mye på kort tid. Jeg kommer helt klart til å bli med på flere turer til våren når det innvendige arbeidet begynner. Jeg vil virkelig anbefale alle å ta i et tak for å gjøre bygghytta så bra som mulig!



### **Fortell litt om deg selv**

Jeg heter Bjarne Fossum og kommer fra Asker. Jeg har tømrerutdannelse, men bestemte meg for å gå videre med studiene. Jeg fortsatte da på Hist, der jeg tok forkurs for ingeniører for å fylle opp de fagene jeg trengte for å få nødvendig kompetanse. Dette angrer jeg ikke på, og har tatt BA retningen videre.

### **Hvor langt er vi kommet i byggeprosessen på Selbu?**

Nå har vi nettopp fått tett bygg. Det betyr at hytta har ferdig vindtetting/kledning og taktekking slik at den tåler alle klimapåkjenningene på samme nivå



som et ferdig bygg. Det er veldig greit nå som vinteren er rett rundt hjørnet. Men fortsatt er det mye arbeid som gjenstår med isolering og alt av innvendig arbeid.

### **Hvor mange byggetimer har du?**

Jeg har vært på Selbu-hytta en gang, der vi jobbet i fire dager. Teamet mitt på fem jobbet i rundt 135 timer. Arbeidsdagene våre varte fra omtrent ti til sju på kvelden, der vi selvfølgelig tok oss lunsjpause og en pust i bakken eller to.

### **Hvordan syns du det er å delegere ut arbeidsoppgaver til ikke-håndverkere?**

Det har vært greit. For mitt arbeidslag var kledning det største arbeidsfeltet, og dette er et godt arbeidsfelt for ikke-håndverkere. Jeg forklarte hvordan de skulle utføre arbeidet, og stolte da på at det skulle gå greit. Om det ikke skulle gå greit er det bare å ta det ned igjen.

### **Var det noe som gikk galt?**

Nei, bortsett fra at vi glemte frokosten igjen på butikken gikk alt bra.

### **Så hvor langt er det til nærmeste butikk?**

For å komme seg til butikken tar det 10-15 min gå til parkeringsplassen, deretter tar det rundt 15 minutt kjøre.

### **Hvordan synes du det er å arbeide på Selbu?**

Veldig fint. Vi hadde sol hver dag, så det var ingenting å utsette på været.

### **Hvor lang tid ville dette ha tatt om det bare var profesjonelle som hadde gjort det?**

Det er vanskelig å tippe på tidsbruken i dette prosjektet. Jeg er ikke vant til å jobbe med prekapp materialer, men jeg vet at dette reduserer tidsbruken betydelig. Seks/sju uker for å bygge opp bygget til det det er per i dag, med fem ansatte og vanlige arbeidsdager er kanskje ikke helt feil. Jeg tror det har blitt jobbet rundt 3000 timer på prosjektet, men vet ikke hvor mye av dette som er ren byggetid. Det har vært folk der bort imot kontinuerlig fra slutten av sommeren til og med til forrige uke. Våre arbeidstimer utgjør rundt 70-80 vanlige arbeidsuker. Mange av disse timene har gått med til bæring, som er en faktor som ikke er veldig stor i normale byggeprosesser. Det tar ca 30 min å gå opp og ned mellom hytta og parkeringsplassen, og det er begrenset hvor mye man greier å bære hver runde.

### Hva syns du skal bli det beste med å få sin egen Bygg-Hytte?

Det vil (forhåpentligvis) bli lettere tilgjengelig enn for eksempel en koie. Dette både med tanke på reservering og tilkomst.





**Bygghytten begynner å ta form!**

# Kva gjer han no ?

**Namn: Ole Kristian Næss**  
**I studietida: Trondhjems**  
**Studentersangforening, Pirum,**  
**Byggbang.**  
**Studieretning: Vatn og**  
**miljøteknikk.**  
**Bur i Trondheim. Jobbar i Rambøll.**

Hei. Eg heiter Ole Kristian. Eg skulle aldri flytta frå Høyheimsvik. Eg skulle heller aldri flytta frå Sogndal då eg budde der. No bur eg i Trondheim, og skal heller aldri flytta herifrå. Trur eg.

Trondheimseventyret mitt starta, nokså ironisk, på ein fest. Eg var i militæret, og hadde ikkje heilt bestemt meg for kva eller kvar eg skulle studera. Då ein kompis av meg sa han skulle til Trondheim, og skrytte av byen og miljøet, fekk eg ein av dei luraste ideane eg nokon gong har hatt. I alle fall på fest. Omtrent eit halvår etterpå flytta tre sogningar inn i ein leilegheit ved Theisendammen.

Fem og eit halvt år etterpå, nærmare bestemt januar 2009, fekk eg meg jobb i Rambøll. Då hadde eg søkt på ulike VM-avdelingar rundt om i Trondheim, og enda på Rambøll som det mest interessante valet. Det fins omtrent 1200 Rambølltilsette fordelt på 28 kontor rundt om i



landet (sånn i tilfelle eg ikkje skulle gro fast i Trondheim likevel.) Me er også lokaliserte i 20 land. Og driv vel stort sett med alt mogeleg innan byggebransjen. I Trondheim er me omtrent 220 tilsette. Avdelinga mi (Vatn og Miljøteknikk) har rundt 25 tilsette. Inkludert ein doktorgradsstudent og ein som er delvis pensjonert. 25 høyrer ikkje så mykje ut, men innan vatn og miljø er dette ein stor avdeling. Difor er det som regel alltid nokon å spørja om det du lurar på. Og veldig mykje interessant å plukka opp.





Så kva gjer eg? Planlegg vatn og avløp så klart. I mi relativt korte fartstid på ca to og eit halvt år har eg rukke å vera borti ein del forskjellig. Alt frå dimensjonering og kontroll av stikkrenner på Nordlandsbana (vatnet må jo ha ein plass å komma seg gjennom fyllinga, sant) til planlegging av ny reservevassforsyning mellom Melhus og Trondheim (folk må jo ha vatn, sant).

Sidan det er veldig stort spekter på storleiken på oppdraga ein kan få, blir ein ikkje berre prosjektmedarbeidar, men også oppdragsleiar tidleg. Då får ein også eit innblikk i økonomien, og meir kontakt mot oppdragsgivar. Dette gjev sjølvsagt meir ansvar, men er også veldig lærerikt. Og jobbing ER veldig lærerikt. Det er ikkje tull. Du

lærer faktisk meir av å jobba eit par år enn å studera i fem. Du lærer kanskje ikkje matte 4, men så er det ikkje sikkert du treng det heller.

Det prosjektet eg har brukt mest tid på i det siste, er nettopp MeTroVann, utbygginga av eit felles vassforsyningssystem for Trondheim, Melhus og Malvik kommunar. Denne utbygginga inneber at Trondheim og Malvik vil få ei fullverdig reservevassforsyning med Benna i Melhus som vasskjelde, medan Melhus vil få reservevassforsyning frå Trondheim si vasskjelde Jonsvatnet. Dette er eit sjeldant stort prosjekt, som inneber komplette, nye vassforsyningssystem for 2-300 000 innbyggjarar. Dimensjonar på opptil 1200 mm vassforsyningsrør gjer det

også uvanleg. Mitt ansvarsområde har i hovudsak vore kummar, men ein blir også involvert i andre aspekt av prosjektet, som anbodshandtering og bestilling av deler. Det er mykje som skal klaffa, og ein ser fort at folk som planlegg detaljar og folk som har ansvar for prosjektleiinga er gjensidig avhengige av kvarandre.

Arbeidet er ein ting, men det sosiale er minst like viktig. Om ikkje viktigare. Dette er nok det eg er mest positivt overraska over etter å ha byrja i arbeid. Dei same folka som jobbar knallhardt og er seriøse seniorrådgjevarar på onsdag, tek det heilt ut på laurdagskvelden på studieturar i London/Dublin/Amsterdam (dette er dei studieturdestinasjonane som har vore i mi ti(d)). Aldersskilnaden forsvinn. Utan at det er eg som føler meg eldre...

Dei fem og eit halvt åra mellom militæret og jobb er nok det eg kunne brukt mest tid på å skriva om her. Men sidan det ikkje er det dette skal handla om, skal eg prøva å vera kort.

Eg er ekstremt glad for at eg blei med på Samfundet og UKA, då gjennom TSS og Pirum. Det einaste eg angrar på er at eg ikkje starta tidlegare.

Pirum er nok det eg kjem til å hugsa best. Eg hadde aldri trudd eg skulle synga meg til Kina (okei, me måtte betala i hard cash for flybillettane, men de skjønner kva eg meiner.) Om eg hadde byrja med dette tidlegare, hadde eg kanskje fått til eit halvår i utlandet også.

På slutten av studietida, og litt inn i arbeidslivet, fekk eg også vera med som vokalist i ByggBang. Også dette baud på mang ein højdare, spesielt å få beskjed om at me måtte bruka kjøkeninngangen inn på scena, fordi Edgar var stappfullt. Takk til alle som var der!

Det er alvor som folk seier. Engasjer deg. I kva som helst så lenge DU bryr deg om det. Gjerne utanom studieretninga også, slik at du får utvida perspektivet ditt litt. Det kjem du aldri til å angra på. Eg kan garantera at du kjem til å bli kjent med folk du aldri kjem til å møta i andre fasar av livet.

Til slutt: Ikkje få panikk. Det er (som regel) lenge til eksamen. Ta deg ein fest på ein torsdag. Eller onsdag. Eller måndag. Det er ikkje sikkert det er så lett å få til seinare. Stao pao.

ole.kristian.naess@ramboll.no

*No har dei to laga til FK Steindølene sparka ballen i nettet for siste gong denne sesongen. Her skal me avsløra korleis dei siste kampane gjekk, samt ei oppsummering frå sesongen både på dame- og herresida.*

*Av : Eirik Vee Natvik og Kristina M. Edvardsen*



## HERRELAGET

FK Steindølene har spelt sin siste kamp for sesongen, og har teke velfortent treningsfri etter å ha kapra ein svært solid 3. plass i årets studentliga! Her kan du lesa om dei siste kampane me har spelt i haust, i tillegg til ein kjapp oppsummering av sesongen med resultat og tabell. Og sidan redacteur Kristina var så snill å gje meg fri tøyler denne gongen, så får du også bli litt kjent med FKS-gjengen denne gongen!

### Rullegardina går ned

Kampen mot BI var ein kamp me enkelt og greit hadde bestemt oss for å vinna; visst pokker skulle me slå BI! Og det byrja jo også veldig lovande. Me spelte god fotball, var effektive framføre mål, og vips leia me 3-0. Etter dette kontrollerte me kampen utan veldig store problem heilt til dommaren - for dagen stasjonert i midtsirkelen - utruleg nok såg noko verken me eller motstandarane såg i feltet, og dømte straffe til BI, som dei putta sikkert. Etter dette klappa me saman kollektivt, og gav fullstendig ifrå oss initiativet. Og så skjedde det som diverre måtte skje. BI scora. To gonger. Heilt på slutten. Det siste på eit i utgangspunktet ufarleg skot via ein forsvarar. Forferdeleg kjipt, men kanskje ikkje så ufortent når alt kjem til alt.

### Ein fotballkamp varar i ..ehh.. 60 minutt?!

Bisarr oppleving. Før kampen stod begge lag og venta på dommaren, men ingen kom. Då me ringte han, sa han rett ut: «Oi, det hadde eg gløymt. Kjem om 30 min.» Heilt håplaut, men me tok det heile med eit lett smil, i god tru om at me uansett rakk å fullføra kampen. Dagens motstandar, den suverene

serieleiaren Pareto, stod på motsatt banehalvdel. Me gjekk ut med mål om å tetta att bak, og ta dei kontringssjansane me fekk. Dette gjennomførte me med bravur, og presterte årsbeste defensivt før pause. Rettnok låg me under 1-0, men dette kom meir som ein tilfeldighet enn noko anna.

Så kom den merkelegaste pausen eg nokon gong har opplevd i fotballkarriera mi. Plutseleg kom det to nye lag som skulle spela kamp, og me fekk beskjed om at det berre kunne spelast 15 minutt i 2. omgang! Me gjekk ut i 100, men fekk raskt ein ball til i nota bak oss. Likevel gav me ikkje opp, og då dommaren synte ein motstandar direkte raudt kort (for munnbruk!), og André reduserte like etter, hadde me fortsatt håp om å få med oss poeng. Men kampen slutta 1-2, og det var ein skikkeleg snytt gjeng som gjekk av bana. For me spelte heilt jamt mot årets beste lag, og fortente rett og slett betre. Eg er heilt sikker på at me hadde vunne om me hadde spelt ferdig, og er kjempeimponert over den kollektive innsatsen gutta la ned!

### **Solid avslutning**

Etter det sure tapet mot Pareto, var me fast bestemte på å la det gå ut over 2. laget deira i kampen om 3. plassen. Me hadde vinden imot i første omgang, men holdt godt stand og gjekk til pause på 0-0 etter ein ganske sjansefattig affære. Dette skulle me uansett vinna, og vinna gjorde me til gangs!

Sesongens siste omgang var årsbeste og me rulla over Pareto, som vart redusert til statistar. Vår keeper for høvet, Markus, kunne vel ha lagt kabal i femmeteren



utan nemneverdige problem. Så overlegne var me faktisk. Etter den første scoringa var det berre eit spørsmål om kor stor sigeren skulle bli, og det stogga på 3-0 etter mål frå Hans Gustav, Fabian og Truls. For første gong i år holdt me også nullen, og dette måtte sjølvsgagt feirast. På sedvanleg fotballspelarvis reiste me då på pub og tok oss eit par kalde ein tysdags kveld. Som lett oppvarming til årets FKS-høgdepunkt: Sambuca-VM.

### Sesongoppsummering

Etter den litt skuffande 8. plassen i fjor må me seia oss veldig nøgde med årets innsats, sjølv om prestasjonane også i år har variert frå det utmerkte til det heilsvarte. Skjønt, det siste gjeld vel i grunnen berre det flau 2-12 tapet mot Placebo. Utanom det har me stort sett levert jamt bra, og det viser seg på tabellen. Høgdepunktet personleg var då me snudde 0-1 til 2-1 på overtid mot Energi i vårsesongen: For ei fantastisk kjensla! Det var betre enn, eller, iallfall nesten på høgde med sex!

### Dødens dal til våren

Eg prøvde å få folk til å koma å sjå på oss på Lade. Det kom ingen. Men me tek det ikkje så tungt, for eg hadde heller ikkje teke turen om eg ikkje hadde spelt på laget. Neste sesong har me derimot fått lovnadar om å få spela i Dødens dal, og då håpar me at byggstudentane møter opp og støttar gutta i grønt! Me kjem sjølvsgagt tilbake med info når det nærmar seg avspark.

Meir om herrelaget kan du lesa på Spikers Kårner si heimeside!

## DAMELAGET

Kvinnene i grønt har no sparka seg gjennom sin første sesong i bedriftsligaen. Og for ein sesong! Det er rett og slett på sin plass med ei lita mimrestund....

Året 2010 trente jentene fast i Duedalen. Snøen kom dette året òg, og jentene flytta treninga inn i Amferdssalen. Treningstid:



klokka ti lørdagsmorgonane! Dei ivrigaste lot så absolutt ikkje litt fyllesjuke vera eit hinder, og det blei mange gode treningar i det firkanta rommet. Ideen om å melde laget på i ein serie svirra laust i lufta...

Med mange intensive og ikkje minst kjekke treningar, blei etterkvart ideen om eit FK- kvinnelag i serie tatt meir på alvor. Med ei kjapp oppteljing var det godt over 7 som meldte si interesse, og i alle fall sju stykk som lovde fast oppmøte. Meir trengde ikkje "leinga" for å melde opp dette grønnkledde laget.

Vinteren slapp taket, dette året òg, og det var på tide å spenne skone med knottar på beina. Om dette så skulle skje til vår første seriekamp, som faktisk for mange var tilfellet. Me starta nemleg første kamp med ein namnrunde, noko som gav resultatet 11-1 i FK sitt favør. Me tok med dette ein gladlig påskeferie.

Etter den fortjente ferien var eksamenane farleg nær. Sidan kampane kom på løpande band veke etter veke, bestemde me oss for at dette fikk vera nok tid satt av til fotballen, og det blei ingen organisert trening mellom kampane. Dette viste seg òg å vera ein god taktikk, da jentene tok sommarferie med poengsekken full og 32-3 i målforskjell. Riktig nok blei kampen mot Team Helgeland vunnet på walkover, og her fikk me i staden sneke inn ein trening. Me gjorde som byggstudentar pleier, og tok ein befriande sommarferie i midten av juni.

Da me returnerte til byen i august dukka det òg opp ei rekke nye, ukjendte, blide og motiverte ansikt. Desse ville me veldig gjerne ha med oss på



laget! Me blæsta og var blide tilbake, og klarte å lokke ein del av desse inn i den grønne trøya. Det var veldig kjekt, og me håpar fortsatt at fleir har lyst til å bli me oss.

Med forsterka lag gjekk det i haustsesongen som på vårsesongen, me vann alle spelte kampar! Men tabellen viser riktig nok eit tap. For UKA-11 dukka opp, og kvelden da Robyn stod på scena og friflyt var på tour med ski og vakker natur, klarte ikkje grønntøryene å stille 7 mann (kvinner).

Oppsummert seier tabellen at FK Steindølene vann serien med 81-5 i målforskjell. No gjenstår berre julebordet før me kan sei det har vært ein vel gjennomført sesong!



# QUIZ

**Svarene, sammen med flere spørsmål, finner du på Spikers Kårner sin hjemmeside!**

## **Sport**

- 1.1 Hvor langt er et maraton? Og hva er herrenes verdensrekord?
- 1.2 Hvem er verdensmester i 100 meter sprint?
- 1.3 Hvilke to spillere er i skrivende stund toppscorere i tippeligaen og hvor mange mål har de scoret hver?
- 1.4 Hvilken meget kjent, tidligere verdensmester i tungvektsboksing døde nylig?
- 1.5 Hvor mange individuelle etappeseiere hadde Hushovd og Boasson-Hagen til sammen i årets Tour de France?

## **Helt gresk**

- 2.1 Det greske alfabetets første og siste bokstaver brukes gjerne for å markere henholdsvis starten og slutten. I enkelte kretsen står de for Jesu fødsel og død. Hvilke to bokstaver er det snakk om, og hvordan ser de ut i stor og liten bokstav?
- 2.2 Hvilken gud fra den greske mytologien står for vin, fruktbarhet og ekstase med mer, som i romersk mytologi har navnet Bacchus?
- 2.3 Hvilken øy ligger lengst syd av Kos og Rhodos? Og hva heter havet de befinner seg i?
- 2.4 Hva er hovedstaden på Kypros?
- 2.5 Hellas sliter økonomisk om dagen. Hva heter deres nåværende statsminister?  
All around the world
- 3.1 Hva var de tidligere myntenhetene i følgende land: Spania, Frankrike, Portugal, Hellas, Tyskland, Italia?
- 3.2 Hvilke to byer var de første til å nå henholdsvis en million, og fem millioner innbyggere?
- 3.3 Østens Paris er et tilnavn tre forskjellige byer har fått, nevnt en av dem.
- 3.4 Hovedstaden i Libya, India og Australia og Nepal?
- 3.5 Hva heter det offisielle språket i Tanzania og Kenya?

## **Random**

- 4.1 Hva er Merlot, Tempranillo og Chardonnay eksempler på?
- 4.2 Hvilken bransje er vi ute etter med stikkordene: Aftenposten, frekvens, 6t?
- 4.3 Hva kaller vi en todeling av en linje/flate, en mindre del og en større, der den minste forholder seg til den større som den større forholder seg til hele linja/flate?
- 4.4 Den første moderne tannbørsten ble produsert i 1938 og var visstnok den første handelsvaren av nylon. Men tannbørsten i seg selv er mye eldre. Gjennom årene har tannbørster blitt fremstilt i flere ulike modeller, enkelte med børster av hår fra kamel, hest eller gris. Hvilket år regnes som tannbørstens opprinnelse?
- 4.5 Hva er mytomani?



# H.M. Aarhønen JULEVERKSTED

Julen nærmer seg med stormskritt, og årets juleverksted i regi av H.M.Aarhønen blir arrangert den **2. søndagen i advent**.

Vi håper at alle som ønsker tar seg en pause fra eksamenslesingen for å lage vakker julepynt og koselige julekort. Aarhønen stiller med materialer.

I tillegg vil juryen avgjøre hvem som stikker av med seieren i årets eksamensbartkonkurranse.



**Når: 4. desember kl. 12.00-14.00**

**Hvor: Grupperom L**

Vi serverer gløgg og andre hærigheter.

**Vel møtt!**

# SUDOKU

## KONKURRANSE

Riktig svar på sudoku konkurranse Spikers Kårner-05 : 21

Vinner: **Mirijam Knutsen**

9			2			4	3	
				8	9		2	5
	2			5		9		7
8			9		2			
	4						9	
			7		1			4
4		6		9			7	
3	7		8	2				
	8	5			6			9

Fyll inn tabellen med tall fra 1 til 9. Hver rad og kolonne skal inneholde alle 9 tallene, det samme skal alle rutene.

Summen av tallene i de fargede rutene er svaret du skal sende til

**kristedv@stud.ntnu.no**

**Det vanker premie til første riktige besvarelse. LYKKE TIL!**

# Sladder



Kristian Smoge (2.) , vår egen Bygg-Kristian, er kjæreste med Idol-Jenny. Jenny er nå i skrivende stund blant de syv beste av idoldeltakerene 2011! Men hva sier Jenny om Bygg-Kristian? VG 07.10.11 gav oss svaret:

*“- Han er veldig fin. Han er sjenert, og fordi de fleste i den alderen ofte er veldig utadvendte, så er han litt mystisk.”*



